



Handballgruppa



Mini handball i 9 og 9 9

Bak f.v: Camilla Steinset Teigen, Maria Steinset Teigen, Hanna Søvde Bolstad, Johanne Øygard, Per Rune Joranger.
 I midten frå venstre: Oda Skildheim Otterhjell, Kristina Fardal Svangstu, Jostein Tennø Loe, Andreas Kalstad, Thea Sviggum Elle, Øyvind Hoel. Framme frå venstre: Kasper Solheim Monsen, Stig Kvam, Vetle Tobias Hjelmeland, Arve Joranger, Oliver Joranger.
 Ikkje til stades då biletet vart teke: Sverre Fiskaa Haugen, Simen Antun, Theodor Moen.



Jenter 11



Bak f.v: Lene Teigen, Hilde Joranger, Marte Bringe, Thea Ølnes Andersen, Amalie Råum og Frida Moen Bruflat.
 Framme: Elisabeth Hurthi, Thea Aarøy, Ella Skålvik, Silje Holen og Amalie Leirdal Solheim.



Jente 11

I sesongen 2015-2016 har me vore totalt 9 spelarar. Trenarar har vore Frida Moen Bruflat og Lene Teigen som forrige sesong. Lagleiar: Charlotte Bringe.

Det har vore treningar kvar måndag 18.00 til 19.30, og det har vore jamt over vore godt oppmøte på kvar trening. Me har hatt tre turneringsdagar fordelt over 3 helgar før jul og etter jul har det vore 4 turneringsdagar fordelt på 4 helgar.

Laget har hatt ein kjempefin og stor utvikling frå å vera smålåtne på bana til å kjempa som små bjørnar, så pila på læringskurva har peika nesten rett opp. Etter vinterferien 2016 er det planar om å trena litt saman med J12 for å få enda meir kamptrening og utvikling.

Tross utviklinga har me gått på tap etter tap i nesten ein og ein halv sesong, men siste laurdagen i januar vart det endeleg løn for strev, sveitte og tårer! Då braka det laust i Leikangerhallen med kamp mot Syril og Vik. I kampen mot Syril mista me motet halvvegs i kampen, men mot Vik heldt me heilt ut! ENDELEG klarte ILBjørn J11 å banka inn 4 mål meir enn motstandarlaget! Det var lett å halda praten i gang i bilen heim etter kampen.

I skrivande stund gjenstår det 3 turneringsdagar og håpet om å vinna fleire kampar lever i beste velgåande.

Sender ein takk til foreldra for samarbeidsvilje og at dei stiller opp når det krevst, og ein kjempestor takk til John Oddvar Vinda for positiviteten og engasjementet hans.

Charlotte Bringe, lagleiar ILBjørn J11

Jenter 12



Bak f.v.: Kristine Melheim, Aylene Norheim Ekrene, Victoria Veum, Kaja Flåten Molland, Martine Goldmann Kvamme og Eline Bringe. Framme f.v.: Emma Maria Sognes Heltne, Rebekka Brun Vigdal, Julie Bjørnetun Sandvik, Tora Bjørhusdal og Jasmin Kageni Namu. Cathrine Neset var ikkje til stades ved fotografering.

J12 sesongen 2015/2016:

Me har vore 12 spelarar heile sesongen. Lagleiar har vore Ronny Melheim og trenar Anders Molland.

Me starta opp med 2 treningar i veka i oktober og treningsframmøtet har vore godt. Alle møter opp så sant det ikkje er skade eller sjukdom. Det er kjempebra.

Me har i år starta med å bruke faste keeperar der Julie og Tora har stått i mål. Dette fungerer godt.

Dette er ein triveleg gjeng med spelarar frå både Jostedal, Gaupne, Høyheimsvik og Luster.

Humøret er alltid på topp, og jentene har det mykje moro saman.

Handballsesongen vert i år avslutta med Nordfjordcup i Stryn 15. – 17. april. Me gleder oss til dette.



Jenter 13



Framme frå venstre: Venessa Joranger, Kristi Bjørhusdal, Stine Leirdal, Mia Sætherbø, Andrea Gangdal og Benedikthe Drevdal Tverberg. I midten frå venstre: Martine Nyløy Fredheim, Anna Sanden Talle, Sandra Fristad Bøen, Kine Hauge, Hedda Njøs, Guro Gauteplass Lie og Karin Sie. Bak frå venstre: Agnete Solstad, Arvid Solstad og Sandra Kvalsvik.

J13 har sesongen 2015/2016

hatt 15 spelarar, 13 fødte i 2002 og 2 fødte i 2001. Me er heldige som har ein så stor stall med spelarar, dette gjer at me kan trene godt og spele kampar på treningane våre.

J13 er ein fin gjeng som er flinke til å møte opp på treningar, og som er ivrige etter å delta på kampar. Me starta opp med treningar då skulen starta etter sommarferien, og heldt på fram til juni månad.

Denne sesongen har me møtt Førde, Høyang 1 og 2, Jotun/Årdalstangen 1 og 2, Syril og Vik. Me enda som nr. 3 på tabellen av 8 lag, og er kjempestolte av laget vårt.

I år, som i fjor, reiste me til Stryn på Nordfjord Cup i april, og det vart ein kjempeslutning på sesongen. Ekstra kjekt er det at alle jentene både vil og har anledning til å vere med på turnering. Foreldregruppa stiller opp på dugnad i kiosk, sekretariat og som heilagjeng. Det er og ekstra kjekt når foreldre kjem og heiar på bortekampar.

Takk for nok ein fin og kjekk sesong!

Trenar og lagleiar, Arvid og Elin Solstad.

Gutar 11 år

Sesongen 2015/2016 har det vore med 21 spelarar fordelt på 2003, 2004 og 2005. Dei tre spelarane fødte i 2003 har vore med på dispensasjon. På laget er det spelarar frå Jostedalen, Skjolden, Indre Hafslø og Gaupne. G11 har hatt to lag i serien, der spelarane frå dei tre årsklassane har vore fordelte.

Me har vunne og tapt kampar, men spelarane har hatt godt humør, pågangsmot og god innsats. På treningane har det vore godt oppmøte og mykje energi som skal ut.

Utfordringane denne sesongen har vore tre årsklassar med ulike utviklingsnivå, men så lenge alle yter det dei kan kjem også utviklinga.

Trenarane denne sesongen har vore Svanhild Prestegård og Per Reidar Svangstu. Lagleiarar har vore Berit Tandle Kroken og Marianne Moen. Takk til gutane og ei flink foreldregruppe som har stilt opp på treningane og kampane våre!



Gutar 11 år. Framme frå venstre: Vegard Tandle Kroken, Lars Arne Sie, Fredrik Moen Bruflat, Jonas Snøtun, Geir Marcus Molland, Sondre Norberg og Kristian Bergum. Bak frå venstre: Per Reidar Svangstu, Amund Yttri Eide, Per Hauge, Christoffer Råum, Rune Glendrange, Karlis Steinblums, Trym Øvregard Røhme, Kristian Teigen, Erlend Sie og Svanhild Prestegård. Julius Rosager, Henrik Fuglesteg, Audun Harberg, Håvard Andreas Kvalsøren, Even Eikum Anthun og Benjamin Leirdal var ikkje til stades då biletet vart teke.

Gutar 15



Bak f.v.: Daniel Høyheim Skintveit, Herman Hovland, Frida Moen Bruflat. Midten f.v.: Linda Huseby, Sivert Hass, Jørgen Bergset, Sebastian Joranger, Kasper Engen, Even Vigdal, Maria Kalstad Brun. Framme f.v.: Lene Teigen, Kjetil Matias Stegegjerdet, Omar Sandvik, Tora Skarpen, Christopher Huseby, Zackarias Høyheim Skintveit.



Kvinner 4. divisjon



Lag: Bak frå venstre: Tone Helen Kvalen, Hanne Mari Myklemyr, Kaia Øvregard Røhme, Vivian Kvam, Karoline Slinde, Elisabeth Dale Larsen og trenar Morten E Jahren. Framme frå venstre: Bente Bergum, Anne Helen Røneid, Karoline Øiene, Hanne Teigen, Eva-Marie Høyheim Feten og Ingeborg Berli Tuften. Ikkje til stades: Karoline Lie, Stine Sønnensyn, Marita Jacobsen, Linda Tuften, Maria Kalstad Brun og Line Pedersen Døsen.

Kvinner 4. divisjon

Med ny trenar Morten E Jahren har sesongen 15/16 vore ein sportsleg opptur for damelaget. Etter endeleg å få oppe å gå eit nytt damelag igjen førre sesong vann dei kun ein kamp. I årets sesong hadde dei medio februar 16 vunne 6

kampar! Laget vart noko endra frå i fjor, men består av ein god blanding unge og meir etablerte spelarar.

Laget har bestått av 18 stk. som har løyst lisens i tillegg til ein frilisans. Trenar har vore Morten E Jahren og lagleiar Ingrid M Slinde.



Jenter 10 år

Bak frå venstre: Lea Oppedal, Frida Skjerdal, Andrea Årøy, Elisa Karoliussen, Sigrid Harriet Kvalen. Framme frå venstre: Tuva Wilde Veum, Mona Lisa Goldmann, Karina Mei Olsen, Serafine Rosager. Tonje Marie Holene og Synne Lomheim var ikkje til stades då biletet vart teke.

